LINDÅS KOMMUNE
Kultur- og aktivitetseininga

Hordaland fylkeskommune
22 AUG 2016

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
5020 BERGEN

| **Referanser:** | **Saksbehandlar:** | **Dato:** |
|---|---|---|
| **Dykkar:** | Eileen M Feste | 19.08.2016 |
| Vår: 14/7008 - 16/21907 | EMF@lindas.kommune.no | |

# Søknad om midlar til kulturminneplan - rullering

Vi viser til brev av 27. mai 2016 til kommuner i Hordaland med invitasjon til samarbeid i 2016 og utlysing av midler.

Lindås kommune har vedtatt Kulturminneplan for perioden 2011-2021. Planen skal nå rulleres. I den forbindelse søker vi Hordaland fylkeskommune om kr 100.000 til dette arbeidet.

## Bakgrunn

Lindås kommune vedtok i 2011 «*Kulturminneplan for 2011-2021*». Formannskapet har i også vedtatt i sak 42/16 «*Kommunal planstrategi (2016-2019) og planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel*», der bl.a. revidering av Kulturminneplan er oppført.

## Aktuelle områder en må se nærmere på i rullering av Kulturminneplan

- Lindås kommune ser behov for at alle registrerte kulturminner blir registrert i Riksantikvarens offisielle database over fredede kulturminner og kulturmiljøer i Norge – Askeladden. Det kan være nødvendig å leie inn noen til å gjøre dette arbeidet (samarbeid med NAV?)
- Nærmere utredning av tema som kan være mangelfulle i eksisterende plan.
- Oppdatering av informasjon/fakta i planen.

En forutsetning for en god plan er at det legges til rette for bred medvirkning gjennom folkemøter, møter med aktuelle lag/organisasjoner, andre involverte aktører samt bruk av sosiale medier for å informere og skape engasjement omkring arbeidet.

## Fremdriftsplan

| | |
|---|---|
| November 2016 | Planprogram for rullering av Kulturminneplan 2011-2021 |

| | |
|---|---|
| Januar 2017 | Oppstart av planarbeid |
| Februar – mars 2017 | Folkemøter om kulturminneplan. Møter med historielag og andre aktuelle aktører, bruk av sosiale medier for å informere og skape oppmerksomhet omkring arbeidet |
| Januar – juni 2017 | Utredning av ulike tema i Kulturminneplan |
| Januar – august 2017 | Opplæring og bruk av Askeladden. Registering av kulturminner i Lindås kommune |
| September – oktober 2017 | Forslag til Kulturminneplan (rullert) 2011-2021 ute på høring |
| November 2017 | Kulturminneplan (rullert) 2011-2021 blir vedtatt i Kommunestyret |

**Finansiering**

Det søkes Hordaland fylkeskommune om kr 100.000 i støtte til rullering av Kulturminneplan 2011-2021.

Utgifter vil gå til markedsføring, herunder annonser og annet media, organisering av møter og temakvelder, kartlegging (reiseutgifter), opplæring/lønn til registrering av kulturminner i Askeladden og eventuelt noen konsulentutgifter.

Eventuell tilskudd bes merket «17300 261 3750 – Rullering Kulturminneplan»

Med helsing

| | |
|---|---|
| Øyvind Stang<br>Einingsleiar | Eileen M Feste<br>kulturkonsulent |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hordaland fylkeskommune | Kultur- og idrettsavdelinga | 5020 | BERGEN |

# Masfjorden kommune
Rådgjevargruppa

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
5020 BERGEN

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Alf Magnar Strand | 23.08.2016 |
| Vår: 14/140 - 16/4367 | Alf.M.Strand@masfjorden.kommune.no | |

# Søknad om midlar til kulturminneplan

Vi viser til brev av 27.05.2016 med utlysing av restmidlar for 2016. Masfjorden kommune søkjer om kr 100000 i midlar til arbeidet med å revidera kulturminneplanen.

**Bakgrunn:**

Gjeldande kulturminneplan i kommunen er utgått på dato i og med at han er vedteken for perioden 2008-2012. Før me kan laga ein ny plan, må det gjerast eit grunnlagsarbeid med systematisk kartlegging av verneverdige bygningar og andre kulturminne. Slik kartlegging vart ikkje gjort i samband med planen som vart vedteken i 2009. Kommunen søkjer difor om midlar til å revidera kulturminneplanen og å føra kulturminne inn i Askeladden.

**Prosjektplan:**

Planarbeidet vil handla om systematisk kartlegging av verneverdige bygningar og andre kulturminne og å få dei registrert i Askeladden. Ein vil prøva å få til lokal medverknad frå grunneigarar og eigarar av verneverdige bygningar, kulturinteresserte personar, frivillige lag m.m. Gjennom kartlegging og lokal medverknad vil me få samla materiale til å kunna laga ein ny kulturminneplan. Planen må sjåast i høve til samfunns- og arealdelen i kommuneplanen. I framlegget til ny planstrategi for Masfjorden kommune 2016 – 2019, som skal vedtakast i kommunestyret den 22.09.16 , er kulturminneplan føreslått som ein prioritert plan.

**Framdriftsplan:**

| | |
|---|---|
| Oktober 2016: | Tilsegn om midlar |
| November 2016: | Kunngjering i media om revidering av kulturminneplan med invitasjon til å komma med innspel |
| Januar 2017: | Folkemøte m.m |
| November – februar: | Synfaring, fotografering og kartlegging av kulturminne |

**Post**
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

**Kontakt**
Telefon: 56 16 62 00
Faks: 56 16 62 01

post@masfjorden.kommune.no
Heimeside: www.masfjorden.kommune.no

Org.nr. **945627913**
Bankkonto: 3201 48 54958

Februar – april 2017: Registrering av kulturminne i Askeladden

Mars – mai 2017: Revidera plan

Juni 2017: Politisk handsaming

**Økonomi:**

Utgifter vil gå til kunngjering i media, organisering og avvikling av møte, reiseutgifter i samband med kartlegging og evt. konsulenthjelp.

Med helsing

Svein Helge Hofslundsengen Alf Magnar Strand
Rådmann rådgjevar
*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hordaland fylkeskommune | Kultur- og idrettsavdelinga | 5020 | BERGEN |

STORD KOMMUNE
kristtornbyen

**Hordaland fylkeskommune,**
Fylkeskonservatoren,
Kultur og idrettsavdelinga

Vår dato: 26.08.2016
Vår ref: 2016/75 - 17293/2016 / 025
Dykkar ref:

## Kulturminneplan for Stord kommune - søknad om tilskot til planarbeid

Stord kommune vedtok fyrste bygningsvernplan i 1991. Revidert og utvida utgåve vart vedteke i kommunestyret 15.04.2009 i lag med Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø. Det er trong for revidering og oppdatering av begge planane som til no har vore gode reiskap i saker som gjeld regulering og byggeverksemd. Me vil innlemme bygningsvernplanen i revidert Plan for kulturminne og kulturmiljø.

I dag er mange kulturminne borte, hus er rivne og landskap er i stadig endring. Utbygging av ferdselsårer, industrianlegg og byggefelt truer einskilde kultur og bygningsmiljø. Det er trong for å oppdatere planane og trekke med nyare tids bygningsstil, og -miljø.
I forslag til planstrategi for neste periode er revidering av plan for kulturmiljø og kulturminne lagd inn. Forslag til planstrategi skal leggjast fram for formannskapet i oktober og deretter leggjast fram for vedtak i kommunestyret.

Dersom det vert vedtak om å setje i gong med planarbeidet, vil ei arbeidsgruppe med relevant ekspertise ha ansvaret for revideringa. Det kan vera aktuelt å engasjera konsulent utanfrå kommunen som rådgjevar og til å utarbeide sjølve planen.
Planprosessen vil vera mest mogleg open og inkludere bebuarane. Slik håper me å få til ein plan der folk vert medvitne om kor viktige kulturminna og kulturmiljøa er for kvar av oss.

Med atterhald om politisk vedtak for å setje igong med arbeidet, søkjer Stord kommune om kr 100 000 i tilskot til planarbeidet.

Med helsing

Herdis Elin Belsvik
Leiar for eininga Kulturtenester

Guri Andresen Aksnes
kulturkonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

Kopi:
Knut Johannes Gram
Lovise Vestbøstad

**Kulturtenester**
Postboks 304
5402 Stord

Kulturhuset
post@stord.kommune.no
Org.nr 939 866 914

Telefon
53 49 69 63

Telefaks
53 49 69 67